

Konsekvensutgreiing landskap og kulturmiljø for detaljreguleringsplan på Eidsnes



Datert 08.04.2021

Prosjekt: Detaljregulering for Eidsnes	Rapportdato: 08.04.2020 Revidert
Fylke: Vestland	Kommune: Alver
Stad: Eidsnes	
Oppdragsgjevar:	Forfattar: Bjørnar Ophaug Boge

Innhald

1. Innleiing	3
2. Metode	3
2.1 Datagrunnlag	3
3. Områdeskildring	4
3.1 Lokalisering av planområdet	4
3.2 Overordna landskapsanalyse	5
4. Fastsette landskapskarakter og verdivurdering	6
4.1 Avgrensing av influensområde/landskapsrom	6
4.2 Fastsetting av landskapskarakter	8
5. Vurdere konsekvens	12
3.4 Konsekvens	14

1. Innleiing

Til oppstart av og ved tilbakemeldingar til planprogrammet vart det presisert at landskap i området må undersøkast. Planprogrammet for reguleringsplan med konsekvensutredning blei vedtatt i formannskapet i Alver og gjer følgjande føringar for temaet:

Kartlegge landskapet og sette landskapskarakter og verdi. Vurdere verknadane planlagd utbygging vil kunne få på kulturmiljøet/kulturlandskapet og den totale landskapskarakteren. Nær og fjernverknad/eksponering av tiltaka må visualiserast. Metode er gitt av direktoratet for naturforvaltning sin rettleiar for metode for landskapsanalyse

2. Metode

Utgreiinga er basert på landskapsfagleg kunnskap om området, analyser i kart, foto, saman med synfaring i området. Fastsetting av landskapskarakter og verdivurderingar er gjort etter metode gitt i direktoratet for naturforvaltning (DN) og Riksantikvaren (RA) sin vegleiar: *Metode for landskapsanalyse i kommuneplan (2011)*. Verdivurderingane bygger på skildringa i fastsett landskapskarakter, kopla med verdikriteriene i skjemaet, henta frå DN og RA sin vegleiar: *Metode for landskapsanalyse i kommuneplan (2011)* side 47. Omgrepa og inndelinga av verdiar er tilpassa Statens vegvesens verdivurderingar i handbok V712. Metoden er noko forenkla i denne konsekvensutgreiinga

Rettleiaren «*Metode for landskapsanalyse i kommuneplan*» skildrar ein prosess i fem fasar:



Figur 1: Fem fasar i landskapsanalysen og konsekvensutgreiinga

Geografiske informasjonssystem (GIS) er nytta som grunnlag for kartlegging av data. På bakgrunn av kartlegginga er landskapskarakter og landskapsverdi skildra i analyseskjema gitt av vegleiareren til Miljødirektoratet/Riksantikvaren. Kulturhistoria i landskapet er eit eige registreringstema.

2.1 Datagrunnlag


Utgreiinga bygger på tilgjengelege rapportar og kart:

- Markslagsbasen (AR5)
- Data frå Naturbase (t.d. «viktige naturtyper»)
- Verdivurdering av landskapsområde i Hordaland (2011).
- Regional viktige friluftsområde (HFK)
- Kjerneområde landbruk
- Data frå Riksantikvaren (Askeladden og SEFRAK)
- KPA
- Gjeldande reguleringsplanar
- Grunnkartdata (FKB og N20)
- EiGrind.no
- Digitaliserte bygdebøker

3. Områdeskildring

3.1 Lokalisering av planområdet

Planområdet er lokalisert på Eidsnes i Alver kommune som ligger ca. 6,4 km vest frå Ostereidet og ca. 13 km frå kommunesenteret Knarvik. Planområdet er ca. 6,8 daa. Tilkomst til planområdet er frå E39, vidare frå Fv.5456 Eidsnesvegen. Eigedomane gnr/bnr 215/2, 5, 86, 88, 89, 19 inngår i planområdet. Planområdet grensar til landbruksområde, veg og bustad.



Figur 2: Oversiktskart som syner lokalisering av planområdet.




Figur 3: Avgrensing av planområdet

3.2 Overordna landskapsanalyse

I Rapporten «Nasjonalt referansesystem for landskap 2005» utarbeidd av Oscar Puschmann er eit landsdekkande datagrunnlag som skildrar landskapet på eit regionalt nivå ut frå eit samanliknbart kunnskapsgrunnlag for heile landet. Rapporten deler inn landskapsregionar med tilhøyrande skildring. I tillegg til referansesystemet for landskap er rapporten «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke» Aurland Naturverkstad 2011 nytta. Rapporten omfattar oversikt og verdifordeling av områder innanfor kvar landskapstype, samt skildring av landskapskarakteren.

Planområdet ligg i landskapsregion 21 – ytre fjordbygder på vestlandet, underregion 21.5 Bergensbuene og landskapsområde «Osterøyfjorden». Osterøyfjorden er eit storskala fjordløp. Fjorden utgjør samla golvflate i landskapsrommet. Avrunda og slake fjordsider. Tettstad og bustadområde pregar sørleg del. Landskapet er klassifisert som vanleg førekomande landskap, middels verdi.



Figur 4: Landskapsklassifisering og verdisetting. Kjelde: Aurland naturverkstad 2011.

Lindåshalvøya femner om den nordlege delen av bergensbogane. Med myndig hand held den nordvest-søraustlege lagdelinga i bogane orden på terrengdraga, med langstrekke og parallelle åsar og dalsøkk, fjordar og vatn. For det meste er det gneisar og omdanna djupbergartar som står i dagen, bergartar som høyrer til det såkalla Lindåsdekkjet - eit svært flak av jordskorpa som vart rive laus og pressa inn over det vestnorske grunnfjellet som ein del av bergensbogane for 450-410 millionar år sidan. Den austlegaste av bergensbogane skil seg ut og har fått eige namn: Store Bergensboge. (kjelde: Ei grind)


Berggrunnen i planområdet er, i fylgje berggrunnsgeologisk kart frå NGU, registrert som granittisk gneis, stadvis med mesoperthitt, også amfibolrik gneis og amfibolitt. Lausmassedekket er registrert som bart fjell. Bart fjell nyttast i områder som stort sett manglar lausmassar, eller der 50% av arealet er berg i dagen. Lausmassane er registrert som ueigna for infiltrasjon. Terrenget ved Eidsnes går slakt opp frå sjøen, og er småkupert bestående av jordbruksareal og spreidd busetnad i form av fritidsbustadar, einestadar og gardsmiljø. Holmane i sør formar smale sund og vikar. På indre og ytre Eidsnes er det område med ein mosaikk av opne kulturmarker med randvegetasjon av lauvskog og enkelte store trær i form av eiker.

4. Fastsette landskapskarakter og verdivurdering


4.1 Avgrensing av influensområde/landskapsrom

På bakgrunn ulike kartdata og ortofoto er influensområde til planområdet delt inn etter landskapskarakter. Landskapskarakter er eit konsentrert uttrykk for samspelet mellom naturgrunnlaget, arealbruken, historisk og kulturelt innhald, romlege og andre forhold som kan oppfattast og som gir området eit særpreg som skil det frå landskapet omkring.

Influensområdet er avgrensa i forhold landskapsområdet som planområdet er ein del av. Landskapsområdet er avgrensa i forhold til det opne småskala jordbrukslandskapet. Skog og fjord rundt det meir opne jordbrukslandskapet skapar eit tydleg landskapsrom.



Figur 2: Avgrensing av landskapsområde/ influensområde



Figur 3: Delar av ytre og indre Eidsnes sett frå sør i flyhøgde. 3D Nordkart, Kommunekart.com



Figur 4: Skråfoto av delar av Ytre og indre Eidsnes. Sett frå aust. (Kjelde: Norhordalandskart,2012)




Figur 5: Skråfoto av Ytre og Indre Eidsnes. Ca. lokalisering av planområdet er vist med raud ring. Trær innanfor planområdet er i dag hogd ned. (Kjelde: Kjelde: Norhordalandskart,2012)

4.2 Fastsetting av landskapskarakter

Verdiaspekt/kilder	Skildring	Betyding for landskapskarakteren (stor- middels- liten)
Landskapets innhald		
Landformer og vatn kart.hfk.no kommunekart.com norqeibilder.no www.nordhordlandskart.no/	Osterøyfjorden er eit storskala fjordløp. Fjorden utgjør samla golvflate i landskapsrommet. Terrenget ved Eidsnes går slakt opp frå sjøen, og er småkupert bestående av jordbruksareal og spreidd busetnad i form av fritidsbustadar, einebustadar og gardsmiljø. Holmane i sør formar smale sund og viker.	Stor
Vegetasjon kilden.nibio.no	Innanfor landskapsområde indre og ytre Eidsnes er det område med ein mosaikk av opne kulturmarker med randvegetasjon av lauvskog og enkelte store trer i form av eiker.	Stor
Arealbruk og busetnad norqeibilder.no	Spreidd busetnad i form av fritidsbustadar, einebustadar og gardsmiljø. Strandsona er utbygd med naust, fritidsbustadar, einebustadar og flytebrygger dei siste 50 åra. Mindre gardsbruk i god hevd kvar gårdsbygningene gruppert omkring mindre tun, ingen fellestun. Fv.5456 Eidsnesvegen går inn i området i tillegg til ei rekke private vegar.	Stor
Kulturhistoria i landskapet askeladden.ra.no kulturminnesok.no/nb.no/eikanger Martikkelrapportar riksantikvaren.no Synfaring	Kulturhistoria i landskapet viser seg i jordbrukslandskapet med røter tilbake til Steinalderen. Av automatisk freda kulturminne innanfor landskapsområde er det gjort eit lausfunn av ei vestlandsøks på Indre Eidsnes i 2016. Datert yngre steinalder. Utanfor landskapsområde, på tuppen av Eidsneset er det eit busetjingspor frå eldre steinalder, ei gravrøys frå bronsealderen og det er gjort eit lausfunn av ei Skaftolhaugen oppfiska frå Osterfjorden, ikkje langt unna garden, datert eldre steinalder. Dette vitjar om at det har vore folk på Eidsnes i lange tider. Garden Eidsnes stammar truleg frå bronsealderen. Kulturmiljøet på Eidnes består av to gardar Indre Eidsnes (gnr 244) og Ytre Eidsnes (gnr 215) med tilhøyrande jordbruksareal og busetnad. Kommunegrensa gjekk tidlegare i eiegdomsgrensa mellom desse gardane. Gardstuna som ligg her i dag stammar frå slutten av 1800 talet fram til i dag, ingen fellestun eller eldre strukturar. Gnr/bnr 244/2	Middels

	<p>vart alt skilt ut frå 244/1 i 1883 og dei to gardane (215/244) er i seinare tid skilt ut til fleire mindre eigendomar som har ført til det spredte bustadmønsteret ein finn her i dag. Dei to eldste husa/bygningane innanfor landskapsområdet er hovudhuset på gnr/bnr 215/2 og 244/1.</p> <p>Hovudhuset på gnr/bnr 215/2 er frå 1897, med tilhøyrande landbruksjord og gardsmiljø. Huset er i seinare tid påbygd.</p> <p>Hovudhuset på gnr/bnr 244/1 er truleg enda eldre. Det er ikkje funne informasjon om når dette huset vart bygd, men det er SEFRAK registrert (bygningar oppført før 1900). Truleg er dette det eldste huset på Eidsnes.</p>	
<p>Kulturelle referansar</p> <p>riksantikvaren.no</p> <p>norskstadnamnleksikon.no</p> <p>nb.no/eikanger</p> <p>kart.hfk.no</p>	<p>Det er ingen nasjonalt kjende landskap f.eks.: Nordkapp, Lofotveggen, Jærestrendene, Besseggen, innanfor landskapsområde. Eller kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland. Området er ikkje knytt til historiske hendingar.</p>	Liten
<p>Romleg- estetiske forhold</p> <p>norgebilder.no</p> <p>Synfaring</p>	<p>Landskapet har ein fin visuell samanheng mellom fjord, jordbrukslandskap og spreidd busetnad/gardsmiljø. Lange horisontlinjer, ope landskap i begrensa rom. Trær blokkar utsikt mot fjorden mange stadar, litt etter kor ein befinn seg i landskapet. Utsikt over Osterfjorden og Osterøy.</p>	Middels
Endrings- og vedlikehaldsprosessar		
<p>Aktive naturprosessar</p>	<p>Ingen kjende. Småskala jordbruklandskap i god hevd. Få tegn til gjengroing.</p>	Liten
<p>Jord- og skogbruk, reindrift, fiske, annan utmarksbruk</p> <p>norgebilder.no</p> <p>grind.no/industri</p>	<p>Aktivt jordbruk i form av beite og husdyr som held jordbruksareala i hevd. Mykje skog rundt landskapsområdet og det er etablert tømmerkai. Det er også registrert fiskeplass og låsetjingsplass i Eikangervåg. Aktivt jordbruk er ein føresetnad for det opne landskapsrommet.</p>	Stor
<p>Bygg- og anleggsverksemd</p> <p>Transport</p> <p>kommunekart.com</p>	<p>Planlagt tømmerkai på tuppen av Eidsneset. Innspel bustadområde på Ytre Eidsnes.</p>	Middels
Samanhengar og brot		
<p>Geografiske og romlege</p> <p>kommunekart.com</p> <p>ngu.no</p>	<p>Landskapet har ein fin visuell samanheng mellom fjord, jordbrukslandskap og spreidd busetnad/gardsmiljø.</p>	Middels
<p>Funksjonelle</p>	<p>Jordbruket har samanheng med berggrunnen og lausmassanes dyrkningsegenskapar. Stadsnamnet</p>	-

	Eikangervåg har samanheng med eiketrea i området. Den moderne skogsdrifta har samanheng med skogsområdas gode bonitet.	
Historiske	Busetjingspor frå steinalder og gravminne frå bronsealder i eit jordbrukslandskap som framleis er i drift.	
Nøkkelement		
Naturskapte nøkkelement miljoatlas.no	Eiketrær er registrerte som viktig naturtype og har ein viktig økologisk funksjon og landskapsverdi. Holmane i sør er lokalt viktige landskapselement.	Middels
Menneskeskapte nøkkelement	Gardsmiljøa. Ingen menneskeskapte element skil seg vesentleg ut i landskapet	Liten til middels
Landskapskarakter		
Mosaikkpreget småskala jordbrukslandskap med mogleg tidsdjupne tilbake til bronsealder i god hevd og tufta på skrinne avsetjingar, noko prega av spredt busetnad. Samanhengen mellom naturgrunnlaget og ressursutnyttinga er klar. Landskapet har ein fin visuell samanheng mellom fjord, jordbrukslandskap og sprett busetnad/gardsmiljø. Det er ingen framtreddande landskapselement som dominerar landskapsopplevinga.		
Samla verdivurdering		
Eidsnes landskapsverdi knyter seg først og fremst til jordbrukslandskapet med gardsbruk og dyrka mark som ber preg av å har vore drive i generasjonar. Samanhengen mellom ressursgrunnlaget og utnyttinga av området frå steinalder og heilt fram til i dag gir stor tidsdjupne. Samstundes er det ingen spesielle landskapselement eller bygningar innanfor landskapsområdet som dominerer landskapsopplevinga. Middels verdi		
		
Figur 6: Samla vurdering av verdi for landskapsområde		
Tilrådingar for landskap		

Viktige omsyn:

Jordbruksareal bør ikkje fragmenterast og stengjast inne. Dei mange eiketrea bør i størst grad takast vare på. Samanheng mellom fjord, jordbrukslandskap, gardsmiljøa, utsikt mot sjø er sårbare for både direkte inngrep og visuell påverknad. Tilpassning til terreng, jordbruksområde, bebyggelsesstrukturar og vegetasjonsstrukturar er viktig.



Figur 8: Oversiktsbilde av delar av Eidsnes



Figur 7: Hovudhuset på gnr/bnr 215/2 Bygd på i fleire retningar.



Figur 10: Løe på 215/2, på nordsida av fylkesvegen



Figur 9: Bilete frå planområdet. Bustadhus på gnr/bnr 215/88, som er under arbeid.



Figur 12: Jordbruksareal på 215/2, på sørsida av Fylkesvegen.



Figur 11: Ei einskild eik på det flate jordet sør for planområdet.

5. Vurdere konsekvens

Foreslått utbyggingsformål bustad

Konsekvens for landskapskarakteren i delområde Ytre og Indre Eidsnes

Foreslått utbyggingsområde. Ytre Eidsnes,

Skildring av utbyggingsområdet

Arealformål: Landbruks-, natur- og friluftformål, underformål b) areal for spreidd busetnad.

Busetnad og anlegg: 5 bustadeiningar.

Utnytting vil vere ca. 30 % BRA. Krav om 200 m² areal til uteopphaldsareal vil verta stetta, samt krav om to parkeringsplassar per tomt.

Området ligg i ei skråning og er påverka av nyare utbygging.

Krav om 125 m² felles leikeareal til saman.

Planområdet ligg i ei bratt skråning som er eksponert mot sjø. Planområdet er ein del av landbrukseigedomen 215/2. Det aktuelle området er grunnlendt og har ikkje vore nytta til landbruk på mange år.




Figur 13: Det er allerede bygd ein bustad på gnr/bnr 215/88.

Skildring av påverknad på landskapskarakter

- Direkte arealinngrep: I NIBIO si database «Kilden» er vegetasjonsdekke innanfor området registrert som innmarksbeite. Dette vert omgjort til bustadtomter med internvegar. Det er lite vegetasjon i form av trær innanfor området. Desse er i nyare tid hogd ned.
- Visuell fjernverknad: Utbyggingsområdet er synleg frå delar av Eikanger, Eikangervåg, Osterøyfjorden og Osterøy, men det er forventa liten fjernverknad av ei utbygging i denne skala og omfang.
- Nærverknad: Utbygginga kan opplevast som eit brot i jordbrukslandskapet. Samstundes er det i dag allerede bygd ein moderne einestad her i dag. Tilgrensande bustadar får ikkje innsyn.
- Ringverknadar: Mogleg etterspørsel etter ytterlegare fortetta bustadbygging i området.

Konklusjon: Foreslått utbygging vil lokalt føre til noko/begrensa endring av området karakter som jordbrukslandskap. Tiltaket vil ha avgrensa lokale verknadar. **Noko forringa** påverknad på landskapsområdet landskapskarakter.



Tilråding til planen: Reguleringsplanen må sikre god tilpassing av bygningar og veg. Ein bør så langt som råd prøva å ta vare på stadeigen vegetasjon.

3d illustrasjonar:



Figur 14: Forslag til plassering av nye bustader. (Kjelde: ABO Plan & arkitektur AS)



Figur 15: 3D illustrasjon. Forslag til plassering av nye bustader. (Kjelde: ABO Plan & arkitektur AS)



Figur 16: 3D illustrasjon. Forslag til plassering av nye bustader. (Kjelde: ABO Plan & arkitektur AS)

3.4 Konsekvens

Samla konsekvens for tema landskap og kulturmiljø

Utan betydning	Noko	Middels	Stor	Svært stor	Verdi
					Påverknad
					Øydelagd Sterkt forringa
					Forringa
		-			Noko forringa
	0				Ubetydeleg endring
			+ / ++		Forbetra
					+++ / +++++

Figur 17: Samla konsekvens for tema landskapsbilete.